

Møtereferat

Dato: 08.01.2019

Emne:	Mogleg sal av skulebygget på Saghaugen 3 - Stord	
Til stades:	Stord kommune: Magnus Mjør, Andreas Moe Larsen, Arne Bjelland, Mariann J. Hilt (møte 4/1), Lovise Vestbøstad (møte 8/1) Hordaland fylkeskommune: Halldan Wiberg, Guro Klyve (møte 4/1), Jostein Fjærrestad	
Forfall:		
Møtetid:	04.01.2019 kl 13:30 – 14:30 08.01.2019 kl 13:00 – 14:00	Møtestad: Skype

Referent: Jostein Fjærrestad

Mogleg sal av skulebygget på Saghaugen frå Hordaland fylkeskommune (HFK) til Stord kommune (SK)

Bakgrunn:

Med bakgrunn i skulebruksplanen til HFK, så har det vore gjennomført ei programmering av Stord vgs, avd Vabakken. Parallelt med dette arbeidet rullerar SK sin skulebruksplan. I forbindelse med desse to utgreiingane, så har ordførar i SK tatt kontakt med HFK for å lufta moglegheita for at SK kan overta/kjøpa den del av Stord vgs som ligg på Saghaugen som ny barneskule på Leirvik

Med utgangspunkt i denne førespurnaden, har administrasjonen i SK og HFK vurdert om dette er ei tenleg løysing for begge partar. Gjennom synfaringar har ein funne at dette kan være ei god løysing for begge partar. HFK vil få ein ny og samla vidaregåande skule på Vabakken. SK vil få ein meir enn stor nok barneskule. SK vil kunna bruka overskytande areal til andre funksjonar/tenester og vil sleppa å oppgradera eksisterande Leirvik skule.

Administrasjonane har vurdert at dette kan verta ei god løysing ut frå tekniske/praktiske faktorar. Ein har likevel ikkje funne å ha grunnlag for å leggja fram ei intensjonsavtale for folkevalde organ. Partane kom ikkje til semje om pris for eigedomen. Stord kommune har heller ikkje midlar til kjøpet i gjeldande skulebruksplan eller økonomiplan. Ved sal av Saghaugen vil fylkeskommunen samlokalisera den vidaregåande skulen på Vabakkjen. Dette vil føra til auka investeringskostnadar, som fylkeskommunen ikkje har lagt inn i skulebruksplan eller økonomiplan. Dette bidreg og til avstanden mellom partane.

HFK og SK gjennomførte i november kvar sin taksering (vedlagt).

- Takst frå SK gjev ein takst på 23,5 mill kr som sal i den opne marknaden
- Takst frå HFK har fylgjande vurderingar:
 - Teknisk verdi 131 mill kr for bygg og 9,5 mill kr for tomt. Salsverdi med basis i teknisk verdi 78-104 mill kr (60-80%)
 - Bareboat vurdering 80 mill kr (basert på utleige som skulebygg)
 - Sal i den opne marknaden 33 mill kr

Drøftingar:

HFK betraktar teknisk verdi som eigen bruksverdi. For å erstatta arealet på Saghaugen, så krev det ein investering på vel 210 mill kr (eks mva). HFK meiner at ved ein salssum under 80 mill kr (bygg 70 mill og tomt 10 mill), så vil meirkostnaden for å få samla elevane på Vabakken vera for høg. Beløpet 80 mill kr er primært basert på takst med utgangspunkt i teknisk verdi (bruksverdi), men blir også understøtta av bareboat vurderinga i taksten.

SK var i utgangspunktet innstilt på å tinga med utgangspunkt i marknadstakst, men var langt ifrå HFK sitt forlangande på 80 mill kr.

Partane har ikkje komme til einighet om ein pris for eigedomen. Sidan prosjekta ny Leirvik skule og ny samordna Stord vidaregåande skule heller ikkje er prioritert i gjeldande økonomi- og skulebruksplanar, fann partane det rett å leggja saka fram for politisk avklaring før ein ev. går inn i nærmere tingningar om ei intensjonsavtale.